



Foreldremøte 9.trinn 09.09.25

- Forventingar
- Sterk og klar
- Nærvær og fråvær
- Vurderingar
- Olweus
- Elevbedrift
- Utdanningsval
- Informasjon
- Samling i klassane



Me vil gi elevane lyst på livet
og evna til å meistra det!


Sterk og klar

- tysdag 4.november kl.18 -



[Om Sterk og klar-treffa](#)

Nærvær og fråvær



Pilot for skulane i Time kommune hausten 2022

Time kommune

Nærværsarbeid
Barn og unge 0-16 år
Pilot for hausten 22

Ein rettleiar for oppvekst i arbeid med nærvær i barnehage og skule.



Skulen skal gripa inn når me er urolege for fråværssituasjonen. Me har ein kommunal rettleiar som forklarar korleis me skal gå fram.

- Litt vondt i mage/hovudet: prøv å gå på skulen
- Oppkast/diare/feber: bli heime til det går over

Notat nærvær og fråvær

- Det er viktig at elevane er på skulen for at me skal kunne gje dei ei god opplæring og jobba med læringsmiljøet. Skulen skal gripe inn når me er urolege for fråværet til ein elev. Me har ein plan som me bruker i møte med elev og føresette dersom det er høgt fråver hos eleven.
- Det blir sendt automatisk varsel frå Visma-systemet når eleven har hatt 5 heile dagar fråvær. Dette kan sjølvsagt dreia seg om normal sjukdom, og då er saka sjekka ut. Nokre elevar kan av naturlege årsaker ha mykje fråvær, då blir det laga individuelle avtalar for oppfølging.
- Under pandemien blei vi veldig forsiktige med å gå på skulen om me var litt pjuske, men det er ikkje farleg å gå på skulen med litt vondt i mage eller i hovudet. Som regel går det over i løpet av formiddagen, og hvis ikkje så sender me heller eleven heim igjen etter avtale med dokke. Litt for mange ungdommar har for låg terskel for å halde seg heime, så oppkast, diare og feber er ein grei tommelfingerregel for kor tid dei skal vere heime frå skulen.
- Ta uansett kontakt med skulen dersom barnet ditt viser vegring mot skulen.
- Det er også viktig at skulen får informasjon om det er endringar i heimesituasjonen som kan påverka barnet i skuletida, t.d samlivsbrudd, flytting, dødsfall og lignende. Slik informasjon er viktig for at me skal kunne møte eleven på ein god måte.

Vurdering



- **Undervegsvurdering**

- Terminkarakterar på 8., 9. og 10.trinn(haust)
- Korleis eleven ligg an undervegs og kva eleven kan gjere for å utvikle seg i faget.
- Kan ikkje klagast på

- **Sluttvurdering**

- Våren i 10. klasse.
- Mat og helse 9.trinn
- Valfag kvart år
- Samla vurdering av eleven sin kompetanse i forhold til kompetansemåla ved avslutning av opplæringa
- Eleven kan klage

Notat vurdering

- To hovedtyper vurdering; undervegsvurdering og sluttvurdering. Lærer vurderer elevane i samtalar, diskusjonar, arbeid som vert gjort i timen, arbeid som vert gjort heime, presentasjonar, osv.
- Lærer skal veileda elevane slik at dei får utvikling i fag og lærer meir. Dette er undervegsvurdering, og blir gitt gjennom heile ungdomsskolen. Den kan gis både munnleg og skriftleg.
- I mai/juni i 10.klasse er det tid for sluttvurdering. Då gjer læraren ei samla vurdering av eleven si kompetanse i forhold til kompetansemåla, og set ein standpunktkarakter.
- I mat og helse skjer sluttvurderinga på våren i 9.klasse, og i valfag skjer det kvart år.
- Dersom ein meiner at standpunktkarakteren ikkje er sett i tråd med lovverket kan ein klage. Me legg ut informasjon om klagerett på heimesida vår.

Olweus

- BUS er ein Olweus-skule
- Opplæringslova §12-4 om det psykososiale miljøet. Skulen har aktivitetsplikt.
- Nulltoleranse for mobbing
- Klassemøte
- Treng hjelp av føresette





Elevbedrift (EB)

- Kick-off 5. september
- Messe 12. November kl 17.00-18.30
- Sosialt entreprenørskap
- Skatt
- Hjelp av føresette

Notat elevbedrift

- Oppstart 5.sept, men føresette vil nok merka dette best i vekene etter haustferien, veke 43-44, då produksjon og sal vert intensivert.
- EB vert avslutta i november med EB-messa som føresette vil bli inviterte til.
- Elevane fordeler mellom seg eit evt. overskot om ikkje anna er avtalt. Dei kan f.eks. avtala å gje alt eller deler av overskotet til eit veldedig formål. Uansett må dei først betale skatt til trinnkassen av overskotet. Skattepengane blir brukt på aktivitetar for heile trinnet samla.
- Føresette kan få spørsmål om å kjøpa andelar for 50 kr. Dette for å skaffe kapital. Dersom det er overskot, er dette det første som blir tilbakebetalt.
- Alle elevar blir med i ei bedrift, men dersom dei skal ha ein del av eit evt overskot må dei kjøpe 1-2 andelar i bedrifta.
- Formålet med EB er ikkje å tena mest mogleg pengar. Me har mange andre mål med dette arbeidet. Me prøver òg å dreie fokuset over på meir sosialt entreprenørskap. Det kan vera ei teneste som legg til rette for utsette grupper i samfunnet, det treng ikkje nødvendigvis å gje inntekter.
- Flott om føresette hjelper EB viss dei spør. Men reine gaver og sponsoring er ikkje lov.

JAMES NOTTINGHAM'S

THE LEARNING CHALLENGE

Eureka!

Eureka: you found it! The feeling of enlightenment and discovery you feel at this stage is the ecstasy of learning. This is what makes the learning journey so worthwhile. Congratulations for persevering!

Adapt

Apply

Transfer

Review

Easy Learning

Deep Learning

Concept

Find a concept worth exploring that you know a little bit about.

Question

Find the problems, the nuances and the exceptions to your concept. You can do this by comparing your concept with another, considering if it always applies, or trying to find a definition that works in all cases.

The Pit

Cognitive Conflict

If you've uncovered lots of examples and exceptions to your concept, and realised how complex your chosen concept is, then you are in The Pit! This is where deep learning really gets going.

Construct

Identify patterns, relationships and meanings between all the ideas you've uncovered. Distinguish between them by sorting, classifying, grouping or ranking. Use your findings to create a more precise understanding of your concept.

Consider

Look back at your learning journey. Which strategies worked best? What would you change next time? How can you apply your new understanding to different contexts?

Challenging
LEARNING
@TheLearningPit

Utdanningsval

- Eit eige fag, men fordelt på periodar
- Hospitering veke 18
- Arbeidspraksis som er relevant for utdanningsprogrammet

5 studieforberedende utdanningsprogram

- Idrettsfag
- Kunst, design og arkitektur
- Medier og kommunikasjon
- Musikk, dans og drama
- Studiespesialisering

10 yrkesfaglige utdanningsprogram

- Bygg- og anleggsteknikk
- Design og tradisjonshåndverk
- Elektrofag
- Frisør, blomster- og interiørdesign
- Helse- og oppvekstfag
- Informasjonsteknologi og medieproduksjon
- Naturbruk (med mulighet for studieforberedende Vg3)
- Restaurant- og matfag
- Salg, service og reiseliv
- Teknikk og industriell produksjon

Notat utdanningsval

- Utdanningsval er eit eige fag slik som andre fag, med 110 timar i løpet av 8.-10.trinn, men det skil seg frå andre fag med at timetalet er fordelt på meir intensive periodar.
- I veke 18 skal elevane hospitere to dagar på eit av dei 15 utdanningsprogramma i vgs. Mest Bryne vgs, men me har avtalar med andre vgs òg.
- Elevane vil få informasjon om alle utdanningsprogramma i vgs før dei ønsker seg kva utdanningsprogram dei vil fordjupa seg i.
- I tillegg skal dei delta på ein fagdag der dei får informasjon om utdanningsprogramma.
- Dei fleste skal i tillegg ut i arbeidspraksis nokre dagar. Målet er at arbeidspraksisen skal vera relevant i høve til utdanningsprogrammet dei fordjupar seg i.

Litt info

- DIGGIPAY: BUS kontantlaus skule.
Elevane må bruka kort.
Info på heimesida om ein har mista kortet.
- Nye fag i år: mat og helse (avgangsfag) + musikk.
Ikkje symjing og k&h dette året.
- Elevane fri anna kvar torsdag i 6. time
- Ny heimeside. Gjer deg kjent med sida og viktig å
abonnera på nyheiter

Overnattingstur

- På 9. trinnet skal me på ein overnattingstur
- Felles tur til Brekko i april/mai
- Utstyr ein treng: telt, sovepose, liggeunderlag, varme klede, gode sko. Utstyrsliste kjem i god tid. Har ein ikkje utstyret ein treng, kan ein låna. Gje beskjed i god tid om ein må låna noko.
- Me treng hjelp av føresette med skyss

Foreldrekontaktar 9. trinn

9A:

Anne Grethe Hustoft Flataukan
Atle Riskedal

9B:

Ann Synnøve Abeland, foreldrekontakt
Tove Thu, vara

9C:

Tone Stueland Gallefoss, vara
Vara til hausten

9D:

Tor Gabrielsen, foreldrekontakt
Dorthe Bekkeheien, vara

9E:

Renathe Tjåland, foreldrekontakt
Ådne Eikeland, vara

Kontaktinformasjon

Avdelingsleiar:	Monica Penne Norheim monica.penne.norheim@time.kommune.no	tlf. 95 88 66 44
Rektor:	Iselin Gjære Lothe iselin.gjaere.lothe@time.kommune.no	tlf. 915 73 539
Kontor:	Elisabeth Dysjaland elisabeth.dysjaland@time.kommune.no	tlf. 51 77 64 40
Sosialrådgjevar/ inkluderingspedagog:	Elisabeth Jørgensen elisabeth.jorgensen@time.kommune.no	tlf. 51 77 64 51



Samling i klasseromma